

## Blei heidra: – Denne må eg dele med Vegard

Under juleavslutninga til Hareid Rotary Klubb blei ein overraska Harald Møller kalla fram. Han blei nemleg tildelt den gjeve utmerkinga Paul Harris Fellow, for hans utrøyttleige arbeid for barn og unge.



Heidra: Harald Møller fekk den gjeve Paul Harris Fellow-utmerkinga under juleavslutninga til Hareid Rotary Klubb måndag kveld. Den ville han gjerne dele med avdøde Vegard Gjerde, som også har vore sentral i realiseringa av Hadarhallen og den nye turnhallen. – Han er nok der oppe og følgjer med på oss no. Denne er også til Vegard, sa Harald Møller og såg rørt mot himmelen. **FOTO:** OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL.

Hareid Rotary Klubb var måndag samla til eit velsmakande lutefiskmåltid på klubbhuset. Sokneprest Lars Hartig-Tangedal kom først med nokre velvalde ord til ettertanke, før det var klart for det etterlengta fiskemåltidet.

**Då dei frammøtte på juleavslutninga var mette og nøgde, tok Oskar Grimstad ordet. Han takka først kjøkkengjengen for måltidet, før han introduserte neste post på programmet. Det skulle nemleg delast ut ei gjev utmerking.**



Talte: Sokneprest Lars Hartig-Tangedal kom med nokre velvalde ord før lutefiskmiddagen kunne ta til. **FOTO:** OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL.

### **Blei tildelt Paul Harris Fellow**

I 1957 blei utmerkinga Paul Harris Fellow (PHF) lansert. Sidan den gongen har æresutmerkinga blitt delt ut til mange rotarianarar kring om i verda. Medaljen, sertifikatet og jakkeknappen er synlege teikn på at den som får det har betalt inn eit bidrag til Rotaryfondet på 1.000 dollar. Rotaryfondet har blant anna gjort ein stor innsats for å utrydde polio i verda.

**– Kva har så dette med oss å gjere i dag? For dei fleste klubbar er det i dag vanleg å betale inn dette bidraget til Rotaryfondet, slik vi får heidra medlemmer og ikkje-medlemmer for sin innsats i samfunnet, sa Grimstad, før han kalla opp klubbpresident Idar Flø.**



Takka for utmerkinga: Harald Møller tok her president Idar Flø i handa etter å ha blitt utnemnt til Paul Harris Fellow. **FOTO:** OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL.

Flø hadde med seg Paul Harris Fellow-sertifikatet og ein jakkeknapp. Så gav han ordet til Oskar Grimstad igjen.

**– Det er ein person som gjennom mange år har gjort ein stor innsats for lokalsamfunnet, og som vi har lyst til å heidre. Denne personen har vore sentral i to store prosjekt, av stor nytte for Hareid-samfunnet, og ikkje minst for barn og unge, sa Grimstad, før han bad Harald Møller kome fram.**

Til stor applaus frå dei frammøtte.

**– Trur han sit og ser på oss**

28. desember er det duka for offisiell opning av den nye turnhallen på Hareid, ein hall som i tillegg til Hadarhallen har vore eit prosjekt Harald Møller har jobba mykje med gjennom fleire år. Blant anna i kompaniskap med avdøde Vegard Gjerde. Dei var høvesvis nestleiar og leiar i Hareid IL tidlegare.

**– Tusen hjarteleg takk, dette hadde eg ikkje forventa. Men, eg må også dele denne utmerkinga med Vegard, som eg trur sit og ser på oss no. Det var han som fekk meg med i Rotary, og hallprosjekta hadde ikkje blitt slik dei blei utan han, sa Møller.**

Han blei elles tildelt prisen «Årets eldsjel» på Sunnmøre i 2020 for sitt arbeid. Ein pris som blei delt ut av Sunnmøre Fotballkrets i samarbeid med AaFK, Sparebanken Møre og Coop.